

**Tveitelva kraftverk AS sine kommentarar til høyringsuttalane som er komme inn på konsesjonssøknaden:**

**O/U-prosjekt i Tveitelva kraftverk – overføring av Reppaelva**

**Kvinnherad kommune**

**Hordaland**

Leirvik, 17. oktober 2016



Hege M. W. Økland

Dagleg leiar Tveitelva Kraftverk AS

## 1. Innleiing

Det kom inn fire høyringsuttalar på konsesjonssøknaden O/U-prosjekt Tveitelva kraftverk – overføring av Reppaelva. Desse kom frå:

- Fylkesmannen i Hordaland
- Magne Øyre (privatperson)
- Kvinnherad kommune
- Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland

Tveitelva kraftverk AS kommenterer dei sentrale punkta i innkomne høyringsuttalar under.

## 2. Høyringsuttale frå Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen rår ifrå overføring av vatn frå Reppaelva til Tveitelva kraftverk i uttalen

### 2.1 Frå uttale (s. 1, avsnitt 3)

«.... *det er planlagt ein permanent skogsbilveg i traseen...*»

Kommentar frå Tveitelva kraftverk AS:

I konsesjonssøknaden (s. 21) står det om veg «*Etter at anlegget er ferdig, vil trasæen ligge att og tena som ein enkel veg for lett traktor eller ATV-køyretøy..... Breidda på vegen vert 3-4 meter og toppdekket skal avsluttast for naturleg revegtering (grasdekke m.m.)*» Det er altså ikkje snakk om ein skogsbilveg. Dessverre er omgrepet skogsbilveg komme inn i NVE sitt samandrag av prosjektet på NVE sine nettsider og i høyringsbrev. Me meiner at når vegen vert revegetert vil han ikkje vere så synleg i landskapsbilete då han går gjennom lauvskoglandskap og ligg tilbaketrekt på eit skjerma platå.

### 2.2 Frå uttale (s. 1, avsnitt 4)

« *Dei første 20-30 m frå inntaket vil røyret verte bolta fast til fjellet, til forbi ein bergnabb. Fylkesmannen er skeptisk til korleis denne løysinga vil sjå ut*»

Kommentar frå Tveitelva kraftverk AS:

Me vil sjå på alternative løysingar i samråd med NVE. Endeleg løysing vil verte fastsett i godkjent teknisk detaljplan.

### 2.3 Frå uttale (s. 2, avsnitt 1)

«*Fylkesmannen meiner det er negativt å redusere vassføring med 80% på årleg basis i ei elv som har eit så spesielt elveløp som Reppaelva*»

Kommentar frå Tveitelva kraftverk AS:

Det er viktig å peike på at reduksjonen på 80% er rett ved inntaket men at vassmengden aukar ved nedre Reppafoss og vidare mot utlaup i sjø.

I tillegg til tidlegare utgreiing vedrørande hydrologi og hydrologiske konsekvensar (s. 27 i konsesjonssøknaden) har me no òg sett på vassføring oppstraums den nedre Reppafossen inkl. bidraget frå Stigelva/Botnaelva. Det er utarbeida eit revidert vassføringsbudsjett, sjå under.

Vassføringsbudsjett (m <sup>3</sup> /sek)		Tørt år 1996	Middels år 1991	Vått år 1983
Sum vassføring ved inntak i Reppaelva før utbygging	Gjennomsnitt	0,152	0,241	0,352
	Minimum	0,002	0,006	0,015
	Maksimum	2,356	2,208	2,632
Sum vassføring nedstraums inntak i Reppaelva etter utbygging	Gjennomsnitt	0,036	0,045	0,068
	Minimum	0,002	0,006	0,006
	Maksimum	1,711	1,564	1,987
<b>Restvassføring av års middelvassføring ved inntak Reppaelva</b>		<b>23,64 %</b>	<b>18,53 %</b>	<b>19,35 %</b>
Vassføring oppstraums nedre Reppafoss inkl. Stigelva før utbygging	Gjennomsnitt	0,241	0,293	0,411
	Minimum	2,653	2,102	3,918
	Maksimum	0,015	0,003	0,021
Vassføring oppstraums nedre Reppafoss inkl. Stigelva etter utbygging	Gjennomsnitt	0,101	0,126	0,182
	Minimum	2,008	1,457	3,273
	Maksimum	0,011	0,003	0,012
<b>Restvassføring av års middelvassføring oppstraums nedre Reppafoss</b>		<b>42,08 %</b>	<b>43,10 %</b>	<b>44,15 %</b>
Vassføring oppstraums utlaup i sjøen før utbygging	Gjennomsnitt	0,226	0,358	0,523
	Minimum	0,003	0,010	0,022
	Maksimum	3,500	3,281	3,910
Vassføring oppstraums utlaup i sjøen etter utbygging	Gjennomsnitt	0,110	0,162	0,239
	Minimum	0,003	0,010	0,014
	Maksimum	2,855	2,636	3,266
<b>Restvassføring av års middelvassføring utlaup i sjøen</b>		<b>48,60 %</b>	<b>45,16 %</b>	<b>45,71 %</b>

Dette syner at restvassføringa i eit middels år (1991) er 43,1% oppstraums nedre Reppafoss og 45,2% ved utlaup i sjø.

## 2.4 Frå uttale (s. 2, avsnitt 1)

«Fosseberg er raudlista naturtype (NT) og fossesprøytnarar er viktig for omliggande vegetasjon»

Kommentar frå Tveitelva kraftverk AS:

Ut frå uttalen kan ein få ein forståing av at det er fossesprutsonar i influensområdet, men det er ikkje riktig. I Biologisk mangfold rapporten (Håland, 2016, s. 28) er dette skildra slik: «Naturtypen bekkekløft finnes ikkje i planlagt berørt del av Reppaelva. Fossene og elvas middelvannføring er sannsynligvis for liten for å skape varige fossesprutsoner og tilknyttede fossenger, men naturtypen fosseberg er tilstede (pt. Rødlistet i kat. NT-jfr. Faktaark)

## **2.5 Frå uttale (s. 2, avsnitt 1)**

«Søkar undervurdera viktigheita av elva for dei fuktigheitskrevjande plantane i nedste del av influensområdet og korleis elva kan bidra til eigna forhold for dei raudlisteartane som er omtalt i rapporten»

Kommentar frå Tveitelva kraftverk AS:

Når me har teke med vassføringa i Stigelva i vassføringsbudsjettet (pkt. 2.3), skuldast det at vassføringa frå denne elva også i vesentlig grad bidreg til det fuktig miljø nedstraums Reppafossen. I tillegg er den eit element som inngår i landskapsbilete/ landskapsopplevelinga i Nordrepollen. Området har vanlegvis meir enn 220 dagar i året med nedbør og over 3000 mm i årsnedbør (Håland, 2016, s. 27). Me meiner dette er det vesentlege bidraget til fuktighet i området.

## **2.6 Frå uttale (s. 2, avsnitt 2)**

«Blant anna blei det gjort funn av artane gul pærelav (NT) og Arthonia stellaris (VU) i nedre del av Reppaelva. Begge funna representerer austlege ytterpunkt for sin art i fylket, og særlig sistnemnte art veks der det er høg luftfuktigkeit. Området der dei er funne, er relativt eksponert, noko som kan tyde på at fukt frå elva gjer det mogleg for artane å vekse her. I så fall vil sterkt redusert vassføring, som tiltaket legg opp til, kunne føre til at artane forsvinn frå området»

Kommentar frå Tveitelva kraftverk AS:

Me gjer merksam på at raudlista lav er funne på tre og ikkje i elva (Håland, 2016, s. 32-33). Elles viser me til at området er nedbørrikt sjá kommentar under pkt. 2.5 over.

## **2.7 Frå uttale (s. 2, avsnitt 4)**

«Dei (Rådgivande biologer) fann ikkje laks i vassdraget, men sjøaure.»

Kommentar frå Tveitelva kraftverk AS:

Reppaelva, Stegaelva og samløpet ble elektrofisket på 3 stasjoner den 28. april 2016 (Hellen, 2016, s. 4). Det vart ikkje fanget fisk som var tydeleg smoltifisert eller i gang med smoltifisering. Andelen av bekkeaur som var kjønnsmoden var høg, og indikerer at det er ein låg andel av anadrom fisk i elva. Til tross for at det ikkje føreligg sikre funn, vurderte Rådgivende Biologer det som sannsynlig at sporadisk gyting av sjøaure kan forekomme (Hellen, 2016, s. 5). Basert på elva sine eigenskaper med til dømes lite gytesubstrat og dei tilleggsundersøkinga av fisk som er utført i Reppaelva, meiner me at omfanget er sterkt avgrensa.

## **2.8 Frå uttale (s. 2, avsnitt 4)**

«Det anadrome strekket som blir råka er om lag 500 meter, inkludert 200 meter opp Stegelva»

Kommentar frå Tveitelva kraftverk AS:

Me må minne om at Stigelva ikkje vert råka av inngrepet. Mogleg anadrom strekk som vert råka er om lag 200 meter. I rapporten frå tilleggsundersøkelse av fisk i Reppaelva står det «*I Stegelva og nedfor samløpet vil det være relativt liten virkning på produksjonen av fisk som en følge av tiltaket. Det er sannsynligvis at de ekstremt lave vannføringene om vinteren er viktigst flaskehals for produksjonen av fisk i vassdraget*» (Hellen, 2016, s. 5). Me viser til biletta i figur 3.4 på s. 32 i konsesjonssøknaden som syner kor tørr elva periodevis er.

## **2.9 Frå uttale (s. 2, avsnitt 5)**

*«Det eksponerte elveløpet, men to langstrakte fossefall lokalisert sentralt i landskapsbildet, er viktige element i dette fjordområdet. Ei stor vertikal utstrekning på fossane bidreg til at dei er godt synleg i landskapet, og eit så utbygd område, er dette eit viktig landskapselement å ta vare på»*

Kommentar får Tveitelva kraftverk AS:

Me meiner at det er den øvre Reppafoss som er mest dominerande i det storskala landskapsbilete og denne vert ikkje råka. Nedre Reppafoss er av meir lokal verdi og den vil ha ein restvassføring skildra tidlegare (pkt. 2.3). Bileta i konsesjonssøknaden på s. 34 (figur 3.6) syner øvre og nedre Reppafoss ved ulike vassføringar. Under har me lagt ved eit oversiktsbilete tatt 13.10.16 som er tatt frå riksveg 107. Då var det ikkje synleg vassføring i øvre og nedre Reppafoss.



## **2.10 Frå uttale (s. 2, avsnitt 8)**

*«Friluftsinteressene i lokalområdet er dårlig opplyst i søknaden.»*

Kommentar frå Tveitelva kraftverk AS:

Brukinteresse er skildra i søknaden s. 36 og i rapport «Utbygging i Reppaelva, Kvinnherad. Utredning av temaene landskap, friluftsliv, kulturminne og ulike brukerinteresser» (Håland og Nilsen, 2014, s. 54-56). I sistnemnde rapport vert friluftsområdet rundt Reppaelva vurdert som middels gode kvaliteter med lokal verdi. Grunneigar i området kan fortelje at det er få som går tur langs Reppaelva.

Dei som går tur i området nytter vegen som fører til inntaket til Tveitelva kraftverk og går vidare innover fjellet derifrå (pers. med. Johan Flatebø).

### 2.11 Frå uttale (s. 3, avsnitt 2)

«*Fylkesmannen er usamdi i søkar si vurdering av samla belastning. Søker undervurderer opplevingsverdien av Reppaelva, og det må takast omsyn til totaloppleving av Maurangerfjorden og kringliggende områder...Den samla belastninga i området må vurderast etter naturmangfaldova §10)*

Kommentar frå Tveitelva kraftverk AS:

Som me skriv i søknaden (s. 37) skil Reppaelva seg ut med to mellomstore fosseparti, som i nedbørrike periodar, vert synleg frå indre delar av Maurangerfjorden og vegnettet kring denne. Overføringa vil berre råke det nedre fossefallet som hovudsakleg er synleg lokalt. Me meiner av den grunn at overføringa i mindre grad vil svekke ei totaloppleving av Maurangerfjorden. Me meiner i tråd med konsulent sin konklusjon (Håland og Nilsen, 2014, s. 43) at konsekvensen av utbygginga er middel til stor konsekvens for landskapet. I rapport om utredning av biologisk mangfald (Håland, 2016) er ulike fagtema vurdert opp mot konsekvensar. Oppsummeringa som er gjort i søknaden (s. 37) syner at utbygginga har lite til middels negativ konsekvens. Me meiner me har gjort ei vurdering av samla belastning økosystemet vert utsett for etter krav i Naturmangfaldslova (§10).

## 3. Høyningsuttale frå Magne Øyre

Magne Øyre nemner eit tidlegare vegprosjekt (Jondalstunnelen) og eit mogleg vegprosjekt («Hordalandssdiagonalen») i høyningsuttalen sin som me har valt å ikkje kommentere då me ikkje finn det naturleg å ta stilling til vegprosjekt i denne aktuelle saka.

### 3.1 Frå uttale (avsnitt 3)

«*Ei avskjering av elva på kote 379 vil redusere Reppafossen betydeleg»*

Kommentar frå Tveitelva kraftverk AS:

Me vil gjere merksam på at det er ein øvre Reppafoss og ein nedre Reppafoss. Utbygginga vil berre påverka nedre Reppafoss og då vil me redusere vassføring med 57% over nedre Reppafoss og 55% ved utlaup i sjø (sjå pkt. 2.3 over). Den øvre Reppafoss, som er eit markert landskapselement, vil vere urørt.

### 3.2 Frå uttale (avsnitt 5)

«*I søknaden er det og opplyst at det blir lagt permanent skogsbilveg langs leidningstraseen. Det er eit betydeleg inngrep som vil framstå som ei diagonal linje i det vertikale landskapet, synleg frå heile fjordområdet. [.....] Ein kan ikkje sjå for seg at vegen er farbar med bil»*

Kommentar frå Tveitelva kraftverk AS:

Me vil vise til vår kommentar i pkt. 2.1 om vegen. Vegen skal ikkje nyttast som bilveg og vert i liten grad synleg.

### 3.3 Frå uttale (avsnitt 8)

«*Ved overføring av Reppaelva til Tveitelva hentar ein vatn frå eit vassdrag til eit anna. Eg stiller då spørsmål ved om dette ikkje bryt med vilkåra for småkraftverk, der vatnet skal førast tilbake til same vassdrag før utløp i fjorden»*

Kommentar frå Tveitelva kraftverk AS:

Me har tatt kontakt med NVE for å sjekke dette. I følge NVE er det ingen «vilkår for småkraftverk» som forbyr overføring av en elv til en annen, slik det blir søkt om i denne saka.

### 3.4 Frå uttale (avsnitt 9)

«*Eit anna spørsmål er kvifor fallet frå inntaket i Reppaelva til Tveitelva (130 m) ikkje blir nytta til produksjon...»*

Kommentar frå Tveitelva kraftverk AS:

Dette har vore vurdert. Dette er ei løysing som ikkje er økonomisk forsvarleg.

## 4. Høyningsuttale frå Kvinnherad kommune

I høyningsuttalen frå Kvinnherad kommune kjem det fram at dei rår at utbygginga får innvilga konsesjon.

### 4.1 Frå saksframlegget (s. 4, avsnitt 4)

«*Det bør i tilfelle utbygging vurderast grundig om den føreslegne minstevassføringa er tilstrekkeleg til å ivareta opplevingsverdien som elva har»*

Kommentar frå Tveitelva kraftverk AS:

Dette meiner me er gjort i søknaden. I søknaden (s. 27) og i revidert vassbudsjettet (pkt. 2.3) gir me eit bilet på vassføringa etter inngrepet med 18% av vassføring ved inntaket og 43% ved nedre Reppafoss. I nedste område kjem det òg vatn inn frå Stigelva/Botnaelva som gjer vassføring i utlaupet på 45 % (middels år) samanlikna med før utbygging. Me vil òg peike på at flaumvassføring ikkje vert redusert med meir enn maks overføringskapasitet (sjå elles vassføringsbudsjett).

## 5. Høyningsuttale frå Norges Jeger og Fiskeforbud avd. Hordaland

### 5.1 Frå uttale (s. 1, avsnitt 6)

«*Jeger- og fiskeforbundet påpeker at fiske også faller inn under betegnelsen friluftsliv. Grunnlaget for å bedrive denne delen av friluftslivet vil bli forringet ved en overføring av Reppaelva og er hovedargumentet i denne uttalen mot en utbygging.»*

Kommentar frå Tveitelva kraftverk AS:

Reppaelva ligg tett på lokal busetnad og området for potensiell anadrom sone er avgrensa og oversiktig. Reppaelva har ikkje vore nytta til fiske, historisk sett. På spørsmål, vurderer ikkje grunneigarane elva som ein aktuell fiskeelv. De utøver sjølv ikkje fiske i elva, og dei er heller ikkje kjend med at andre har nytta elva til fiske (pers. med. Johan Flatebø).

Me viser elles til vår kommentar i pkt. 2.7.

Til tross for at det ikkje føreligg sikre funn, vurderte Rådgivende Biologer det som sannsynlig at sporadisk gyting av sjøaure kan forekomme (Hellen, 2016, s. 5). Det er ingen laksebestand i elva.

På bakgrunn av dette meiner me at NJFF-Hordaland overvurderer betydningen av Reppaelva som fiskeelv, målt opp i mot rekruttering fra kjente (registrerte) lakse-/sjøaureelver lokalt og regionalt.

### 5.2 Frå uttale (s. 2, avsnitt 3)

«Anadrom strekning i elva er vurdert til 500 meter (Tilleggsundersøkelse, Hellen 2016). Ut fra lengde på anadrom strekning og relativt høy vannføring er det grunn til å anta at vassdraget har et betydelig potensiale til produksjon av sjøaure, men at miljøforholdene (lakselus) i fjorden må forbedres før potensiale kan oppnås.»

Kommentar frå Tveitelva kraftverk AS:

Rådgivende Biologer (Hellen, 2016, s.4) meiner at vassdraget har ein potensiell anadrom strekning på knappe 500 m, fordelt på nedre samløp ca. 100 m, Stigelva/Stegelva i aust høvesvis ca. 170 m til sannsynlig vandringshinder og Reppaelva i vest, ca. 160-180 m. Gjennomsnittleg vassføring og vassdekt areal vil bli merkbart redusert i Reppaelva (utgjør 160-180 m), og fiskeproduksjonen truleg noko redusert her ved en overføring. Det blir derimot ikkje ført vekk vatn frå Stigelva og på denne elvestrekningen samt nedanfor samløp, vil det være relativt liten verknad på produksjonen av fisk. Vassdraget har egna oppvekstområder men berre små og få gyteområder. Ekstremt lave naturlige vassføringar om vinteren er vurdert som viktigaste flaskehals for produksjonen av fisk i vassdraget. I og med at det er foreslått minstevassføring tilsvarende 5-persentilen, vil de 5% lågaste vassføringane, dvs. den sterkeste flaskehalsen, være uforandra etter overføringa.

I Lakseregisteret finner en informasjon om 1 300 norske elver som har bestand av laks, sjøaure eller sjørøye. Reppaelva står ikkje oppført i denne databasen.

Jamfør tidlegare omtale av elva sine naturlige eigenskapar, meiner me at NJFF-Hordaland, overvurderer produksjonspotensialet for sjøaure i anadrom sone, uavhengig av om Reppaelva vert overført eller ikkje.

### 5.3 Frå uttale (s. 4, avsnitt 1)

«NJFF-Hordaland anser at, i lys av eksisterende utbygginger på lokalt nivå Øyres elva og Tveitaelva, i Maurangerfjorden og regionen (figur 1 og tabell 3), at en overføring av Reppaelva ikke kan tilrådes sett ut i fra samlet belastning. Vi trekker da spesielt frem samlet belastning for sjøaure.»

Kommentar frå Tveitelva kraftverk AS

Me deler NJFF-Hordaland si uro for status av sjøaure lokalt og regionalt. Jamfør tidligare omtale og elva sin naturlege eigenskap, meiner me at NJFF-Hordaland, overvurderer produksjonspotensialet for sjøaure i anadrom sone, uavhengig av om Reppaelva vert overført eller ikkje. Tilleggsundersøkinga (Hellen, 2016) syner at Reppaelva berre har eit avgrensa potensiale for sjøaure. Sjøaure kan derfor ikkje vektast i ein særstilling med omsyn til samla belastning av naturinngrep i området.

## 6. Avslutning

Tveitelva kraftverk AS har over peika på punkt i høyringsuttalane som me meiner er sentrale. Me har gjort greie for våre synspunkt og vist til fagleg innspel frå fagrapportane som er utarbeida i samband

med konsesjonssøknaden. Me håpar at den planlagde synfaringa med NVE 1. november 2016 kan kaste ljós over innspela som er komme inn i høyringa.

## 7. Kjeldeliste

Hellen, B. A. 2016. *Notat: Tilleggsundersøkelse av fisk i Reppaelva, Kvinnherad kommune.* Rådgivende Biologer AS.

Håland, A. 2016. *Overføring av Reppaelva, Nordrepollen, Kvinnherad. Utredning av biologisk mangfold.* NNI-rapport nr. 451.

Håland, A. og Nilsen, K.L. 2014. *Utbygging i Reppaelva, Kvinnherad. Utredning av temaene landskap, friluftsliv, kulturminne og ulike brukerinteresser.* NNI-rapport 394.

